



# DOVRE KOMMUNE

## Saksframlegg

Arkivreferanse: 2021/992-29

Saksbehandler: Kari Bentsdal

### Sakens gang

Saksnummer	Møtedato	Utvalg
2023/38	12.09.2023	Plan-, nærings- og utviklingsutvalget
2023/36	02.10.2023	Kommunestyret

## Endring av reguleringsplan E136 Jora bru - sluttbehandling

### Vedlegg

- 1 Søknad om dispensasjon frå gjeldande reguleringsplan for Jora bru E136
- 2 Endring av reg.plan E136 Jora bru - oversendelse av planmaterialet.PDF
- 3 E136 Jora bru\_Fagrapport Naturmangfold.PDF
- 4 Jora bru\_Dovre\_UTM32.PDF
- 5 Planbeskrivelse E136 Jora bru endring av reguleringsplan.PDF
- 6 Plankart E136 Jora bru.PDF
- 7 Reguleringsbestemmelser E136 Jora bru.PDF
- 8 ROS analyse E136 Jora.PDF

### Saksutredning:

Statens vegvesen har oversender forslag til ny reguleringsplan for E136 Jora bru for sluttbehandling i Dovre kommune.

Statens vegvesen (SVV) har bygd ny bru over Jora langs E136, Romsdalsvegen. Reguleringsplan for tiltaket blei vedtatt i kommunestyret i Dovre kommune 17.06.2013. Ved utarbeiding av byggeplan blei det gjort justeringar av det planlagde tiltaket, der m.a. plassering av ny E136 og løysing for avkøyringar til sidevegar er noko avvikande frå den gjeldande planen. Statens vegvesen søkte da Dovre kommune om dispensasjon frå gjeldande reguleringsplan etter plan- og bygningslova §19-1 og §19-2 og fekk denne innvilga i rådmannsvedtak datert 07.04.2022, med vilkår om at det blei utarbeidd ny reguleringsplan for planområdet.

SVV varsla oppstart for dette reguleringsplanarbeidet den 28.09.2022 og dei la sjølv forslag til endring av detaljreguleringsplan for E136 Jora bru, ut på høyring og offentleg ettersyn den 12.04.2023. Ved høyringsfrist 31.05.2023 hadde SVV fått inn til saman 4 merknader. Desse var frå:

- Innlandet fylkeskommune
- Statsforvaltaren i Innlandet
- Mattilsynet
- Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE)

Statens vegvesen har levert notat der merknadene er oppsummert og svart ut, som del av planmaterialet. Rådmannen har ingen merknader til dette notatet.

Komplett planmateriale er vedlagt dette saksframlegget.

### **Vurdering:**

Statens vegvesen og Dovre kommune har i prosessen med å utarbeide ny detaljreguleringsplan for E136 Jora bru, hatt tett dialog og det har vore stor einigheit om endringar i forhold til gjeldande reguleringsplan. Forslaget som no blir sluttbehandla samsvarer med forventningar rådmannen har til framlegget. Tiltaket, med bru og ny vegstrekning, er ferdig bygd og det vil ikkje vera konflikt mellom detaljreguleringsplanen som no er fremja og det bygde anlegget.

### **Lovheimel**

I samsvar med plan- og bygningslova §12-12 blir saka lagd fram for kommunestyret for vedtak.

### **Rådmannens innstilling:**

Kommunestyret i Dovre vedtek med heimel i plan- og bygningsloven §12-12, det framlagde planmateriale utan vilkår.

### **Plan-, nærings- og utviklingsutvalgets behandling av sak 38/2023 i møte den 12.09.2023:**

#### **Behandling**

Rådmannens innstilling ble enstemmig anbefalt vedtatt.

#### **Vedtak**

Kommunestyret i Dovre vedtek med heimel i plan- og bygningsloven §12-12, det framlagde planmateriale utan vilkår.

### **Kommunestyrets behandling av sak 36/2023 i møte den 02.10.2023:**

#### **Behandling**

Plan-, nærings- og utviklingsutvalgets innstilling ble enstemmig vedtatt.

#### **Vedtak**

Kommunestyret i Dovre vedtek med heimel i plan- og bygningsloven §12-12, det framlagde planmateriale utan vilkår.